



FØTER PÅ SPRÅKBALLEN. Ingrid Fadnes, Sara Nå Aga, Håvar Utne og Sjur Kristian Nesheim Velure på Hauso skule lét seg intervju av masterstudent Hallvard Lid.

Korleis snakkar me?

– Det er vanskeleg å uttala stadnamn med ei anna dialekt.

METTE BLEKEN
mette@hardanger-folkeblad.no

Det er eitt av fleire gode svar dei fire 10.-klassingane på Hauso gav HF etter intervjurunden med masterstudent Hallvard Lid ved Universitetet i Bergen til undersøkinga si om dialekta i Hardanger.

– Eg tolkar språkbruk ut ifrå språkbruket, forklarar han.

Sjur Kristian Nesheim Velure, Håvar Utne, Sara Nå Aga og Ingrid Fadnes var samde om at det er godt med språkleg mangfald og at språket er ein del av personlegdommen.

Alle medgir at dei lét seg påverka av det dei høyrer rundt seg, til dømes når dei er utanfor bygda, men at dei raskt er tilbake til «hardingamaolet» når dei kjem heim. Rett nok nyttar dei få diftongar, men synest det klinger bra.

Dei fire elevane synest det var kjekt å bidra til masteroppgåva. Gjennom Lid sine kvardagslege spørsmål, måtte dei gå både bakover og fram i tid. Og dei fekk ein del å tenkja på. Til dømes korleis språk påverkar, kva det fortel om

■ Studerer målføret i Hardanger

den som nyttar det – og korleis ein gjennom språk kan ta vare på tradisjonar.

Intervju og samtalar vert tekne opp, slik at Lid i etterkant kan gå i djupna på uttale og ord. Kva intervjuobjekta fortel, kjem ikkje på trykk.

Nytt og gammalt

– Det er ikkje viktig korleis folk formulerer seg. Det eg er på jakt etter, er korleis dei snakkar og kva ord og lydar dei brukar i naturleg tale, seier han.

Opptaka han gjer no i 2014, skal samanliknast med opptak frå 60-talet, der folk fødte frå 1870 og til tidleg på 1900-talet er med.

Den unge språkforskaren har allereie fått seg nokre overraskingar. Og som forventa; nokre stadfestingar. Men kva dei er, vil han ikkje røpe før oppgåva er i hamn.

Seksten, åtte tilfeldig utvalde (frå telefonkatalogen) vaksne frå kvar fjordside kan venta seg ein telefon frå «Ivar Aasen jr», som Hauso-elevane har døypst han.

Hallvard Lid tek opp arven etter Halldor O. Opedal og Botolv

Helleland. No skal hardingamaolet først inn i ei ny tid.

Spørsmålet

Det store spørsmålet Lid stiller, er: Korleis og korfor skjer endringane? Han trur han har nokre svar, men må gå grundig til verks for å sjå om det stemmer. Kan hende oppdagar han noko uventa.

Dei vaksne og godt vaksne han no skal jakta på som informantar, må ha budd i Ullensvang største-

parten av livet. Om dei snakkar breitt eller har «avslippt» dialekt, syner berre mangfaldet.

– Her i fjorden trur eg dei fleste har ei meining om dialekt og mange er medvitne om språk som kultur. Det er skrivne mykje om den gamle hardangerdialekta og eg kjenner meg privilegert som kan studere ho nærare i moderne tid, seier Lid.

Medvitne

På journalisten sin førespurnad

om favorittord eller eit kult dialektord fekk me svar som vitnar om ung medvitne haldning til språk som kultur:

Sjur Kristian: – Eg likar godt ordet snjodn.

Håvar: – Skykkjeskukkjen. (Om nokon ikkje veit kva desse orda tyder, kan dei freiste finne det ut hjå naboen eller til dømes i skriftlege kjelder. Journ. ann).

Sara: Nao høyrst mykje betre ut enn Nā.

Ingrid: Ja, det må verta Nao!

Masteroppgåve om målføret i Ullensvang

Hallvard Lid er i gang med å henta informasjon til masteroppgåva si i nordisk ved Universitetet i Bergen. Han har vald heimkommunen som arena og skriv innanfor disiplinen sosiolingvistik.

Det inneber at han tolkar språket ut ifrå språkbruket. Det er fleire generasjonar på vest- og austsida i Ullensvang som er utvalde til å gje innspel og bakgrunn for å

gje svar på kva som gjer at hardingdialekta endrar seg og kor påverknadane kjem ifrå.

Han har sjølvsagt nokre tesar og idear, men vil ikkje ut med dei i framkant av innsamlingsrunden.

– Eg kan ikkje skrøma vekk folk, smiler Lid, som sjølv er oppvaksen på Lofthus og snakkar det mange vil kalla utprega harding. Han vil helst ha kontakt med eit breitt spekter av innbygarane. Om dei snakkar breitt eller

avslippt, er dei like interessante for studenten. Lid er på jakt etter korleis dei uttaler lydar og ord i naturleg tale.

Masteroppgåva skal etter planen vera ferdig og levert før jol. Feltarbeidet er i gang. Fyrst med åtte elevar frå 10. klasse på Hauso og Kinsarvik skular. Før påske skal også seksten vaksne og eldre frå to fjordsider vera intervjua. Oksenhalvøya, heradet sin nordflanke, er ikkje teke med i denne oppgåva.